

INFORMASJON

Kyrkjebod

MENIGHETSBLAD FOR RJUKAN OG TINNBYGDENE

Nr.4 - 66. årgang

Julen 2021



Rjukan kirke


Foto: Guro K. Tveito

GOD JUL!

Følg kirkeniTinn på



DU ER ALLTID VELKOMMEN TIL GUDSTJENESTE
- SØNDAG ER KIRKEDAG





Ætt skal følgja ætterad

TINN SOKN

Austbygde

Døpte:

Jonathan Askjer
Johan Håvardrud Lunde
Tarjei Omli Grimsrud

Døde:

03.10.21: Sigrid Dybdal

Skirva fjellkyrkje

Døpte:

Nora Holden Haukaas

Atrå

Døpte:

Kristian Beckmann Øverdal
Emilie Olufsen Haugen
Live Olesrud Pedersen
Mari Gjøgstad

Døde:

05.08.21: Ingulf Sigurd Fagerlid
10.09.21: Åste Espeland

Mæl

Døpte:

Lasse Gulbrand Pedersen
Andersson
Sondre Gunnarstorp Ek

Døde:

18.09.21: Grete Hafredal

RJUKAN SOKN

Døpte

Iben Favila Sauro
Vilde Kårvand Bystrom
Ingrid Fredrikstad Øverland
Anine Bjørtuft Grønstad
Henrik Sletta
Jakob Pedersen-Løvaas
Ira Kleiveland Wendt

Døde:

02.08.21: Synnøve Bergby
05.08.21: Matti Veli Mayra
15.08.21: Bjørn Lillejord
30.08.21: Alf Bernt Borkenhagen
14.09.21: Irene Viola Berg
22.09.21: Snefrid Sørensen
05.10.21: Aslaug Ragna Christensen

Skirva fjellkyrkje

Leirsted - Selskapslokale - Rimelig overnatting

Leter du etter et fint selskaplokale i spesielt vakre omgivelser?
Trenger du rimelig overnatting for gjestene og lekerom for barna?

Eller leter du etter et leirsted for barne- eller
ungdomsgruppa du leder?

Skirva fjellkyrkje har alt du trenger og leier ut til rimelige priser.

Kontakt 470 46 170 - www.skirva.no

KYRKJESKYSS I TINN

Treng du skyss til gudstenester eller arrangement i kyrkja, så ver ikkje redd for å ringja eit av nummera nedanfor:

Austbygde: Tollheim 91 77 37 63 / 47 67 49 16

Atrå: Hvalen 48 00 88 24 / 90 95 71 24

Mæl: Øvsterud 47 04 61 70

«Kirkekakebakeliste»

Er du glad i å bake - til kirken trenger vi kake.

Når klokkene ringer, til kirken vi springer.

Litt kirkesaft og kirkekaffe må vi ha, men hvor kommer kakene fra?

Vil du hjelpe oss å bake, eller vil du bare komme og smake?

Vi trenger deg, så bare ring i vei.

Ring eller SMS til: Edel 95 24 19 32 eller Grete 90 56 23 16
Sokneråd/kirkering

«Skirvas Venner»

takker for gaver og minner om

kto.nr. 2620.42.57034

Stoff til Kyrkjebod mottas med takk!

Siste frist til nr. 1 - 2022:

17. FEBRUAR

**Skriv og send det til:
terje@markedspartner-tp.no**

Tinn kirkelige fellesråd

Rjukan kirke, 3660 Rjukan

Tel: 35 08 28 60

post@kirken.tinn.no

FREDSFYRSTEN

Sanneleg, det skal ikkje vera mørker for henne som er i trengsle.

Det folket som går i mørkret,
ser eit stort lys.
Over dei som bur i dødsskuggens land,
strålar lyset fram.

For eit barn er oss fødd,
ein son er oss gjeven.
Herreveldet er lagt på hans skulder.
Han har fått namnet
Underfull rådgjevar, Veldig Gud,
Evig far, Fredsfyrste.
Så skal herreveldet vera stort
og freden utan ende
over Davids trone og hans kongerike.
Han skal gjera det fast og halda det oppe
med rett og rettferd
frå no og for all tid.
HERREN over hærskarane skal gjera
dette i sin brennande iver.



Jesaja 9,1-7

Gud har ikkje gløymt oss

Advent og juletid minner oss igjen om dei store hendingane der Herren har gripe inn til frelse og forsoning. Me skal igjen få synge dei kjente og kjære julesongane som maler for oss Han som kom med frelse og fred. Me skal igjen få dele denne rikdommen med borna og dei unge.
Det er ein rikdom som kan bere oss, også i vanskelege tider, også i møte med død og grav.
I møte med eigen død talte Jesus til venene - læresveinane sine – og sa: Det kjem ei tid, ja, ho er alt komen, då de skal spreia seg og gå kvar til sitt og la meg vera att åleine. Men eg er ikkje åleine; Far er med meg. Dette har eg sagt dykk så de skal ha fred i meg. I verda har de trengsler, men ver frimodige: Eg har sigra over verda!» Joh 6,32-33

Lat riket ditt koma

Me ber om dette i Herrens bøn.
Advent – Adventus Domini – tyder Herrens komme.
Det er ei bøn som hjelper å halde oss vakne. Ennå ei gong skal Jesus komme til verda. Bibelen vitnar om at det skal vere trengselstider før Han kjem att. Me skal vere vakne og be. Takke for det Jesus gjorde første gongen han kom. Be om at han må kome og hjelpe oss med livet her og nå. Gjere si gode gjerning i oss og med oss, våre kjære, og den verda me lever i. Og be om at Han må kome igjen og opprette det fredsriket som er omtalt og lova i Skrifta. I siste boka i Bibelen (Joh 22,20) heiter det: «Han som vitnar om dette, seier: «Ja, eg kjem snart.» Amen. Kom, Herre Jesus!

Her og nå

Her og nå skal me gje rom for undring og glede – la freden senke seg i hjarte og sinn


Ikkje la nokon ta undringa og gleda frå deg. Det er så lett å bli gripen av frykt og uro!
Kanskje det var ein idé – for ei stund - å skru av radio og tv, leggje vekk avisa og telefonen – velge å ta ein pause frå sosiale medier – om enn berre for ei lita stund.
Dagane me har fått er mest kvar-dagar, men me må ikkje gløyme at det og er ei tid for helg og høgtid. Me er kalt til å arbeide, men og til å be. Der, i stilla for Guds ansikt, og i tillit til Han – Fredsfyrsten - får me styrke og mot for dagen og dagane som kjem.

Sett av tid til å vere stille, nå – og kvar dag!

Be ei bøn – aus ut hjartet ditt for Gud – sei det slik det er med deg akkurat no. Slik kan Hans fred senke seg i hjarte og tankeliv.

Guds fred!
Toralf Frøysaa Lie

Arven etter Hans Nielsen Hauge i Tinn



I år er det 250 år sidan Hans Nielsen Hauge blei fødd, og jubileet er markert på ymse vis rundt i landet. Han voks opp på garden Hauge i Tune, no Fredrikstad kommune. Saman med syskena sine var han med på gardsarbeidet. Våren 1796 var han ute på åkeren og pløgde og som vanleg song han til arbeidet. Her hadde han ei sterk åndeleg oppleving som førde til kallet om å forkynne Guds ord også utanfor heimen. Så fylgde åtte vandreår rundt i mest heile landet til han blei fengsla i 1804.

Kom han til ein gard, var han med folket i arbeid og om kvelden samla han dei til andakt. I flg. Konventikkelpakaten hadde han ikkje lov til å samle folk til såkalla «gudlege samlingar» utan løyve frå soknepresten på staden. Dette førde til at han blei arrestert fleire gonger før 1804 også.

I august 1802 kom han til Tinn frå Numedal. Det var ingen ukjend person som dukka opp, gjetordet hadde gått føre han. Etter turen over fjellet kom han

fyrst til Gunleiksrud i Tessungdalen. Han var sikkert med i gardsarbeidet om dagen før han samla folk til andakt rundt burstrappa på kvelden. Neste dag drog han vidare og me veit at han var innom Midtbøen og Svalastogo før han kom til Bakka, Berge og Lisland i Atrå. Siste møtet var på Grønskei i Vestfjorddalen. Mykje folk møtte fram for å høyre kva han hadde å si. Samlinga ved buret på Lisland er verd å merke seg. Lisland er nabogard til prestegarden der Møglestue var sokneprest. Han greip ikkje inn og det gjorde heller ikkje lensmann Ole Johannesen. Hans Nielsen Hauge fekk med andre ord vera i fred her i Tinn. Møglestue har seinare sagt at Hauge har «vundet mange tilhengere i Tinn».

I Tinnsga har H.H.Einung skrive at «vekkinga i Tinn vart halde oppe av «vennerne». Det var eit særkjenne for Haugianarane at dei var flinke, framsynte og ærlege so det vart det rette samhøve mellom liv og lære.» Haugevenene samlast for det meste til møter i heimane, men det var også viktig for dei at Guds ord også nådde ut over landegrensene. Det norske bibelselskap blei stifta i 1816. Tilskotet frå folk i Tinn var det største i Kristiansand stift. I 1842 blei Det norske misjonsselskap stifta og berre fem år seinare fekk me den fyrste foreninga i Tinn. Protokollen frå dei fyrste åra er no oppbevara ved hovudkontoret i Stavanger. Den er skriven med gotiske bokstavar. Sigmund Holte har skrive av protokollen til vanleg skrift. Han har også skrive Tinn misjonsforenings historie frå 1847- 2017. Den er også lagt ut på Lokalhistoriewiki.

Haugianarane i Tinn hadde eit godt forhold til kyrkja. Guds ord skulle forkynnast av prest og lekfolk. I jubileumsboka til Austbygde kyrkje skriv Jon Haukaas dette: «Haugianarane var her som andre stader kyrkjelege, separatisme har i det heile ikkje lege for tinndølane. Soga om kyrkja i Austbygde kan fortelje det, frå grunnarbeidet i 1880-åra framover til nyare tid.»

Lekmannsarbeidet i Tinn har hatt nær tilknytning til indremisjonsrørsla. Det gjekk ei større vekking over Tinn i 1942/43. Ein starta tidleg med å samle inn pengar til oppføring av eit bedehus. Huset var ikkje ferdig før i 1954. Sokneprest Hognestad sto for vigslinga og sa m.a.: «Både kyrkja og bedehuset er to rom i Guds store bygning på jorda.---Det er ein ting eg gjerne vil minne om i dag og det er at dørå mellom desse to Guds hus her i Austbygde ikkje må låsast, men at det må stå ope mellom dei. Det må vera som det støtt har vore her i bygda at vi kan samarbeide.»

I samband med 150 årsjubileet for Tinn misjonsforening hadde Ranveig Bakke og Randi Spilling laga ei utstilling med m.a. bilder av Hauge, brev frå Hauge og ei lita bok av Hauge med personleg helsing til Ole Olsen Bakke. Utstillinga blei fyrst vist fram på Skirvastemnet i 1997, seinare sto den framme i samfunnshuset i Atrå eit års tid.

I 2003 var det Haugevandring her i Tinn. Det var ei markering av at det var 200 år sidan Hauge gjesta Tinn. Det var samling på Gunleiksrud om laurdag, og gjekk den gamle bygdevegen til Midtbøen. Sundag var det festgudsteneste i Atrå kyrkje, matøkt og utstilling på samfunnshuset. Dagen blei avslutta med framføring av Hauge-spelet på Lisland. Spelet er skrive av Sigbjørn Ravnåsen som også spela Hauge. Mykje folk møtte fram til denne jubileumsmarkeringa.

Hans Nielsen Hauge var eit praktisk geni. Han var ein gløgg økonom og hadde eit stort organisa-



sjonstalent. I denne artikkelen er dette ikkje vektlagt, men derimot opplevinga på åkeren i 1796 som resulterte i trangen til å forkynne Guds ord til omvending og frelse.

Olav Andreas Hvalen

Kjelder:

Jon Haukaas: Austbygde kyrkje 1888-1988

H.H.Einung: Tinnsga




Tinn Gospel inviterer alle som har gått i koret en eller annen gang siden 2005 og frem til i dag, til en skikkelig jubileumsvår!! (litt på etterskudd) Nye er selvfølgelig også hjertelig velkommen!

Else Kjersti Luraas, Turid Bjørnerud og Silje Sjøtveit har et lite «comeback» våren 2022 og vil lede koret gjennom de gamle gospelfavorittene til Tinn Gospel.

Det blir oppstart tirsdag 18.januar kl 19:30 på bedehuset i Austbygde, og vi øver annenhver tirsdag frem til jubileumskonert med påfølgende middag lørdag 4. juni. Håper du vil være med på dette!

Fyrebilsbibelen



Portrett av Alexander Seippel kring 1920 utført av Lars Osa, same mann som måla altartavla i Atrå kyrkje.

«Eit storverk er fullført i den norske åndssoga. «Boki» ligg føre på norsk» kunne ein lese i Syn og Segn i 1921. Det er Sigurd Fjærs fyrste setningar i ein artikkel som-maren 1921 då den fyrste bibelen på nynorsk vart lansert: Bibelen eller Den heilage skrifti : dei kano-niske bøkene i Det gamle og Det nye Testamentet. Arbeidet med omsetjinga til nynorsk eller lands-

mål, som var nemninga fram til 1929, hadde gått føre seg i fleire år. Studentmålslaget i Oslo sette ned ei bibelnemnd i 1916, og målet var at nynorskbibelen skulle liggje klar til det store reforma-sjonsjubileet i 1917. Det var ambi-siøst tenkt, men utan særleg rea-lisme. Då Studentmålslaget innsåg dette vart omsetjingsarbeidet lagt om, og teologar og fagfolk med betre kunnskap i grunntekstane overtok meir av styringa. Her vart biskopane Bernt Støylen og ikkje minst Peter Hognestad sentrale personar. Hognestad var målmann og kjend for arbeidet sitt med alt-arbok og nynorsk salmebok Han omsette fleire av tekstane til 1921-utgåva og fekk hovudansvar for tekstredaksjon. Historikaren og filologen Gustav Indrebø hadde ansvaret for redigering og rettskri-ving. Det var heile 21 bidragsyta-rar til omsetjinga. Mange av bibel-tekstane vart omsette frå moderne utgåver utgjevne i grannelanda våre: Sverige i 1917, Danmark i 1910 og Island i 1912.

Men det er ein mann som skil seg ut i omsetjingsarbeidet, både kvan-titativt og kvalitativt. Alexander Seippel, med tysk far busett i

Setesdal, var utdanna i semittisk litteratur, og kunne ved sida av hebraisk også gresk språk. Han sørge for at om lag ein tredjedel av Bibelen vart omsett frå grunn-tekstane. Seippel la meir vekt på samtidas talemål enn på norrøn arv, og idealet hans var det sokalla midlandsmålet med bl.a. a, i, u: læresveinane, Israels-ættine, kvin-nune. Sjølv har han sagt: «...difor satte eg meg fyr at eg inkje ville skrive ei setning eg inkje visste eller trudde at ein norsk bonde kunde segja». Ovanfornemnde bis-kop Peter Hognestad hevda at med Seippels omsetjing kom Bibelen «heim i stova til folk». Åge Holter (1966) skreiv dette om Seippel: «I Aleksander Seippel nådde norsk bibeloversettelse det høyeste som noengang er pres-tert.»

Det er ikkje stor skilnaden, og slik sett må Seippels omsetjing for over hundre år sidan ha vore nyskapande og dristug.

Det blir hevda at dette var den fyr-ste bibelen på norsk i det heile. Bokmålsbibelen, som vart utgjeven i 1907, var prega av eit dansknært skriftspråk.

Eksempel på omsetjinga av Herrens bøn (Matteus 6, 7-13)

Seippels omsetjing i 1915	Bibelen - nynorsk utgåve 2011
<i>Far vaar i himmelen</i>	<i>Vår far i himmelen!</i>
<i>Lat ditt namn helgast</i>	<i>Lat namnet ditt helgast</i>
<i>Lat ditt rike koma!</i>	<i>Lat riket ditt koma</i>
<i>Lat din vilje raada</i>	<i>Lat viljen råda på jorda</i>
<i>paa jordi, som i himmelen!</i>	<i>Slik som i himmelen.</i>
<i>Gjev oss i dag det daglege braude vaart.</i>	<i>Gjev oss i dag vårt daglege brød,</i>
<i>Og ettergjev oss skuldi vaar,</i>	<i>Og tilgjev oss vår skuld,</i>
<i>Som me òg gjer med skuldmennan vaare!</i>	<i>Slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.</i>
<i>Og før oss inkje ut i freisting.</i>	<i>Og lat oss ikkje koma i freisting,</i>
<i>Men frels os fraa det vonde.</i>	<i>Men frels oss frå det vonde</i>




Litt av ei storbending i samtida. Så stort at nynorskavisa Gula Tidend vigde heile framsida da Fyrebilsbibelen låg klar til sal for ålmenta

Når det gjaldt den økonomiske biten sette Bibelnemndi aat Studentmaallaget i Oslo raskt i gang med innsamlingsaksjonar landet rundt og fekk inn monalege summar. Det kom òg inn pengar ved bruk av kollekt rundt om i kyrkjesokna. «Men desse pengane hev Kyrkjedepartementet helst havt raadvelde over» som Sigurd Fjær sjølv sa det. Men mest avgjerande for at arbeidet kunne fullførast var bidraget frå bondeungdomslag og mållag i Bergensområdet. Med pengane herifrå fylgde vilkåret at rettskrivinga frå 1901 skulle gjelde. Men trass i pengegåvene var dette i stort mon eit dugnadsprosjekt. Fyrebilsbibelen vart jamt nemninga på 1921-utgåva. Det skulle

vera ein mellombels bibel i påvente av ein meir vitskapleg og grundig omsetjing frå grunntekstane. Også Studentmållagsbibelen er nytta om utgåva – vanlegvis er/var det Bibelselskapet som tok seg av utgjevingar av Bibelen, både på nynorsk og bokmål. Historisk blir dette «påfunnet» sett på som eit av dei mest ambisiøse og oppsiktssvekkjande i heile Studentmållagets historie.

Av fyrsteopplaget av Fyrebilsbibelen på 50000 selde Studentmållaget det fyrste året 15000 eksemplar. I 1930 var heile opplaget utseld, og nytt opplag på 50000 vart trykt opp. Det same året byrja arbeidet med ei ny utgåve – denne gongen med Bibelselskapet som utgjevar - eit arbeid som resulterte i ny nynorsk-bibel i 1938.

Per Espeland



Tittelsida av Fyrebilsbibelen i 1921

Kjelder:

Bibel og bibeloversettelse / Dagfinn Rian. – Trondheim, 1995

Bibelen eller Den heilage skrifti : dei kanoniske bøkene i Det gamle og Det nye Testamentet : [artikkel] / Sigurd Fjær. – I: *Syn og Segn* 1921. - S. 402-411

Bibelen : boken som formet vår kultur / Dag Kullerud. – Oslo, 2016

«Den fyrste bibelen paa nynorsk»; [artikkel] / Anders Aschim. – I: *Dag og Tid*, 16. juli 2021

Det norske bibelselskap gjennom 150 år : 1816-1904 / Åge Holter. – Bind 1. – Oslo, 1966

Sjonna under Elbursfjell : Alexander Seippel- livet og livsverket / Sylfest Lomheim m.fl. – Kristiansand, 2001

Soga om den norske bibelen : den fyrste heile bibel paa nynorsk / Peter Hognestad. – I: *Den 17de Mai*, 30. juni 1921.

Nettstadene: allkunne.no, bibelselskapet.no, nn.wikipedia.org, snl.no (store norske leksikon)

Dåp i kyrkjene våre

Me har kunne gjennomføre dåp heile tida under nedstenginga av landet vårt. Noen har av ulike årsaker valgt å utsette dåpen. Ein grunn har nok vore ønsket om å kunne samle familie og vener til dåpsfest. Nå er det igjen ein jamn pågang med melding til dåp. Retningslinjene seier nå at me frå kyrkja ikkje kan sende ut invitasjon til dåp. Det er opp til familiane å melde borna til dåp! Me ønsker å legge til rette for dåp. Dette kan gjelde både barn, ungdom og vaksne. Ta kontakt med kyrkjekontoret eller ein av oss prestane for melding til dåp, eller ein samtale.

Me feirer livet, og den frelsa Gud har gitt oss i Jesus Kristus.
«Det skjer eit under i verden» er ei salme me bruker ein del under dåpen. Den står på nummer 591 i Salmeboka. Salma er skriven av Gerd Grønvold Saue, og er tonsett av Kjell Mørk Karlsen.

Det skjer et under i verden
hver gang et barn blir til,
over det gryende livet
lyser Guds skapersmil.

Omkved

Ingen på jorden er himlen så nær
som barnet han tar i sin favn,
som barnet han tar i sin favn.

Det skjer et under når barnet
Møter oss hud mot hud,
Øynene speiler Guds himmel,
Gir oss et glimt av Gud.

Omkved

Det skjer et under i kirken,
Større enn verden vet.
Barnet får del i Guds rike,
Svøpt i hans kjærlighet.

Omkved

Det skjer et under i dåpen,
Her skapes liv av ord.
Barnet er størst i Guds rike
Skjønt det er minst på jord.

Omkved

Så la oss synge i glede,
Nå er Guds Ånd oss sendt,
Vannet blir kilden til livet,
Her har et under hendt.

Omkved

Det er gledeleg at mange nå melder
borna sine til dåp.
Her er bilder frå nokre av dei

Dåp 22.08 Skirva Fjellkyrkje Nora Holden Haukaas (Se side 13)



Dåp 26.09 Austbygde kyrkje - Johan Håvardrud Lunde



Dåp 10.10 Atrå kyrkje - Mari Gjøystdal



Dåp 24.10 Austbygde kyrkje - Tarjei Omli Grimsrud



Må Rjukan kirke stenge i vinter?

Som følge av store strømkostnader i inneværende år, ble det bestemt at Rjukan kirke skulle holde stengt i perioden oktober 21 til mars 22. Med unntak av adventstiden i desember. Begrunnelsen var at budsjettposten for strøm var brukt opp. Da dette ble kjent ble saken om den stengte Rjukan kirke viet stor plass i mange medier, inkludert de største som NRK, TV2, Dagbladet, VG, Vårt Land og de aller fleste distriktsaviser som Adresseavisa, Sunnmørsposten, Agderposten med mange flere inkludert Rjukan Arbeiderblad. I tillegg skapte saken storm i sosiale kanaler. Vi er takknemlige for oppmerksom-

heten som er blitt kirken til del. Den er slik vi vurderer det uttrykk for at Rjukan kirke har en stor plass i hjertene til mange mennesker. Og det inspirerer at så mange tar til «pennen» for å uttrykke sin frustrasjon og støtte til å holde kirken åpen året rundt.

Så skjedde noe fantastisk. En mann, som ville være anonym, tok kontakt. Han påtok seg å betale for strømkostnadene i kirken frem til sommeren 2022.

Man blir helt stum av en slik givergilde. Og det var med stor takknemlighet vi takket ja til gaven.

Nå er pengene kommet inn på kirkens bankkonto.



Stenger kirke for å spare strøm
Høye strømpriser gjør at Rjukan kirke må stenge dørene frem til våren, skriver Rjukan Arbeiderblad.

KICK OFF for 250 konfirmanter



Noen bilder fra konfirmantene fra Tinn og Rjukan sitt Kick Off på Seljord sammen med 220 andre konfirmanter fra Øvre Telemark.

Det er Ønsket og Elsket som ellers står for mange felles arrangementer i konfirmanttiden, blant annet Konfirmantleiren på Gjennestad i juni 2022 som arrangerte dette.

Som man ser var det en uforglemmelig aften.



Sammen med Tinn Soul Children



Søndag 24. okt familiegudstjeneste i Austbygd kyrkje



Koret er for gutter og jenter i alderen 19-16 år og over annenhver mandag på kirkekontoret i Atrå (Marum Ullern)



Lørdag 30. okt var Tinn Soul Children i Drammen på Soul Children Gathering med flere andre kor.



Givertjeneste i Kirken i Tinn

Kirkens anstrengte økonomi har bremsert aktivitetene i Fellesrådet og menighetene i de siste to tre årene. Det er blitt spinket og spart, og man har merket virkningene av dette i lang tid.

I juni hadde vi så besøk av Tore Gullaksen fra biskopens kontor som fortalte om givertjeneste. Først på et felles menighetsrådsmøte og deretter på en felles gudstjeneste i Dal kirke.

I lys av dette vil menighetene så snart som mulig etablere en givertjeneste, og utfordre alle som ønsker å støtte menighetsarbeidet om å avtale en månedlig overføring.

Noen har mulighet til å støtte kirkens arbeid med store beløp, slik vår anonyme giver til strømkostnader i Rjukan kirke, så rundhåndet gjorde.

Andre vil kunne bidra på ulike måter, ikke bare økonomisk, men gjennom innsats, forbønn og deltakelse.

Vi kommer tilbake med mer informasjon om dette senere.

«De fleste av oss har vært i sammenhenger der noen takkes for innsatsen, eller blir omtalt fordi de fyller runde år. Jeg vet ikke hvordan det er med dere, men jeg tenker at det å bli omtalt som en raus person, må være den flotteste

hedersbevisning vi kan få. Og når jeg snakker om en raus person så er det ikke kun dette med å gi penger jeg tenker på. Når jeg møter rausede mennesker er det folk som er inkluderende, åpne for andre, gjerne åpne for andres meninger og synspunkt. Jeg kjenner folk som alltid har noe å gi vekk, du går aldri tomhendt derfra. Og jeg tror slike mennesker blir rikelig velsignet – jeg har aldri opplevd at noen har gitt seg fattede. Rause mennesker får rikelig igjen. «

Tore Gullaksen, i gudstjeneste i Dal kirke 3. oktober 2021.

Dugnad på Skirva



På befaring med Skirva i bakgrunnen, forberedelse til dugnad.



Bilde frå matsalen



Opprusting av Skirva

Nils Hegard har tatt på seg murearbeidet.

For å sikre videre drift på Skirva har en måtte sette i gang med kostnads-krevende tiltak etter pålegg om brannsikring. Styret ba i vår en branninspektør om å komme for å gi en vurdering av nødvendige tiltak. Da fikk en oversikt over tiltak som måtte gjøres, og tiltak en burde gjøre. Styret så det slik at det var et være, eller ikke være for Skirva, og har lagt en plan for opprusting. En har hentet inn pris på arbeidet som skal utføres innen slutten av januar. Et av tiltakene er å dele kjelleren i flere brannceller. For å sikre alle utganger er det nå satt

opp en mur ved døren til skistallen. Det skal settes inn brannrør, og vinduene i de 5 internatrommene skal skiftes. Vinduene er vel 40 år gamle og i dårlig stand. I 2020 ble nesten hele Skirva malt utvendig på dugnad. Det er også gjort en del malerarbeid i kjelleretasjen de siste årene. En dugnadsgjeng har også dette året ryddet og hogd rundt Skirva. Ingrid Wiens har hatt rollen som tilsynsperson på Skirva siden Knut Rune Hagen hadde denne jobben. Når Ingrid nå har sagt opp stillingen, vil styret rette en takk til henne for jobben hun har gjort.

Ingrid og Svein Julton har også lagt ned en betydelig innsats med dugnadsarbeid. Dette er vi svært takknemlige for. Det er gledelig at Oddvar Øvsterud har takket ja til å ta på seg arbeidet som tilsynsperson. Han er godt kjent med, og har et hjerte for Skirva. Skirva har hatt en viktig rolle i Tinn siden bygget var nytt. Styret ser gjerne at dette fortsatt skal være et tjenlig bygg for utleie, konfirmantarbeid, lederhelger og mer. Skal dette være mulig er en avhengig av et engasjement og gaver til arbeidet. Alle gaver mottas med stor takknemlighet.

Konfirmanter i Hovin

Konfirmanter i Hovin kyrkje. Fra venstre:
Madelen Dammen, Zannie Haugedal
(Gransherad)
og sokneprest Toralv Frøysaa Lie.

Gullkonfirmanter

Dette året inviterte me dei som vart konfirmerte i 1970 og 1971 til gullkonfirmanttreff. Søndag 26. september markerte med dette i Austbygde kyrkje på hausttakkefesten. Etter messa samlast me til middag og hyggelege minne på Lurheim.

Det året dei vart konfirmert var det Bernt Vogt Ramsle som var sokneprest i Tinn. Det var gildt å ha med helsing frå han til konfirmantane.

I Hovin, som då hørde saman med Gransherad, var det Kristoffer Juvkam Ørjavik som var sokneprest.



Foto: Heidi Marie Dammen



Gullkonfirmantar 1970

*Ole Henning Bakken,
Karin Ødegaard,
Dagny Haukaas,
Gudny Eggerud,
Johannes Alseth,
Eli Bjørg Lind-Tviberg,
Oddvar Øvsterud,
Bernhard Foss.*



Gullkonfirmantar 1971

*Birgit Signe Sørle,
Sverre Klonteig,
Berit Rongsjord,
Johannes Haukaas,
Hildegunn Haugen,
Knut Erik Onstad,
Knut Fuglesteg,
Anne Berit Digerud*



Dåp av Nora Holden Haukaas – 4. generasjon Haukaas
Fire generasjoner Haukaas, Grete Ingeborg Vestby og Halvor Tollheim frå Skirvastyret og soknepresten



Takk til Silje Sjøtveit for tenesta som diakon






Gudstjenester i Tinn

DATO:	DAG:	KL.:	GUDSTJENESTE:	STED:
12.12.2021	3. søndag i adventstida	18.00	Adventskonsert	Austbygde kyrkje
12.12.2021	3. søndag i adventstiden	18.00	Vi synger julen inn	Rjukan kirke
19.12.2021	4. søndag i adventstida	19.00	Taizé i adventstida	Mæl kyrkje
24.12.2021	Julaften	11.00	Andakt	Tinn helsetun
24.12.2021	Julaften	14.00	Familiegudsteneste	Austbygde kyrkje
24.12.2021	Julaften	14.30	Festgudstjeneste	Dal kirke
24.12.2021	Julaften	16.00	Festgudstjeneste	Rjukan kirke
24.12.2021	Julaften	16.00	Familiegudsteneste	Mæl kyrkje
25.12.2021	Juledag	11.00	Høgtidsgudsteneste	Atrå kyrkje
25.12.2021	Juledag	14.00	Høgtidsgudsteneste	Hovin kyrkje
31.12.2021	Nyttårsaften	16.00	Minnegudstjeneste	Rjukan kapell
31.12.2021	Nyårsaften	17.00	Minnegudsteneste	Atrå kyrkje
09.01.2022	2. søndag i openberringstida	11.00	Høgmesse	Austbygde kyrkje
09.01.2022	2. søndag i openberringstida	19.00	Taizé-gudsteneste	Mæl kyrkje
16.01.2022	3. søndag i åpenbaringstiden	11.00	Gudstjeneste	Rjukan kirke
23.01.2022	4. søndag i openberringstida	11.00	Høgmesse	Atrå kyrkje
23.01.2022	4. søndag i openberringstida	17.00	Høgmesse	Hovin kyrkje
30.01.2022	5. søndag i åpenbaringstiden	11.00	Folkemusikkmesse	Dal kirke
06.02.2022	6. søndag i openberringstida	11.00	Høgmesse	Mæl kyrkje
06.02.2022	6. søndag i openberringstida	17.00	Høgmesse	Austbygde kyrkje
13.02.2022	7. søndag i åpenbaringstiden	11.00	Gudstjeneste	Rjukan kirke
20.02.2022	Kristi forklåringsdag	11.00	Høgmesse	Hovin kyrkje
20.02.2022	Kristi forklåringsdag	17.00	Høgmesse	Atrå kyrkje
27.02.2022	Fastelavnssøndag	11.00	Gudstjeneste	Rjukan kirke
02.03.2022	Oskeonsdag	19.00	Askeonsdag	Atrå kyrkje
04.03.2022		18.00	Kvinnenenes internasjonale bønnedag	Atrå kyrkje
06.03.2022	1. søndag i fastetida	11.00	Høgmesse	Austbygde kyrkje
06.03.2022	1. søndag i fastetida	19.00	Taizé-gudsteneste	Mæl kyrkje
13.03.2022	2. søndag i fastetiden	11.00	Familiegudstjeneste	Rjukan kirke
20.03.2022	3. søndag i fastetida	11.00	Familiegudsteneste	Atrå kyrkje
20.03.2022	3. søndag i fastetida	17.00	Familiegudsteneste	Hovin kyrkje
27.03.2022	Maria budskapsdag	11.00	Gudstjeneste	Rjukan kirke
03.04.2022	4. søndag i fastetida	11.00	Familiegudsteneste	Mæl kyrkje
03.04.2022	4. søndag i fastetida	17.00	Familiegudsteneste	Austbygde kyrkje
10.04.2022	Palmesøndag	11.00	Gudstjeneste	Frøystul fjellkirke

Gudstjenestelista: Det kan skje endringer med lista som Kyrkjebod ikke fanger opp tidsnok før trykking. Vi minner derfor om at gudstjenester også kunngjøres i RA

Gullkonfirmanter i Atrå kyrkje 10.05.70



1. rekke fra venstre:

Kjersti-Gro Mårdalen, Eli-Björg (Høgehaug) Lind-Triberg Ramsli, Gudny Eggerud, Mary Karlsen.

2. rekke frå venstre:

Kjetil Espeland, Oddvar Øvsterud, Hallvard Finnekås (død), Hølje Ålykkja, Trygve Lofthus (død), Johannes Alseth.

Sorggrupper i Tinn

Du som strever med sorg og savn. Det er en sorggruppe i sving på Rjukan ved Sokneprest Morten Arnesen. Vi møtes hver fjortende dag i Rjukan kirke. Ta kontakt for en prat mob 90148143.

- ❖ Vi opplever sorg ved dødsfall, skilsmisser, sykdom, vold i hjemmet, arbeidsløshet og mer.
- ❖ Sorg er en naturlig og sunn reaksjon på et tap av noen du var glad i.
- ❖ Sorg kan gi uvante og sterke reaksjoner.
- ❖ Sorg uttrykkes ulikt fra menneske til menneske og behov for å snakke, gråte, bli sint, sove og matlyst oppleves ulikt.
- ❖ Ved å la sorgen komme til uttrykk, forebygger du psykiske plager.
- ❖ Sorg tar tid. Lengre tid enn det du selv og omgivelsene tror.

Jolekonsert

Halvor Håkanes - Knut Buen - Knut Arne Snøås
Austbygde kyrkje, onsdag 29. desember kl. 19


Arr. Tinn sokneråd

**På
oppfordring...**

Vipps oss gjerne:

Kyrkjebod, 3656 Atrå
2620.66.80813

 SANDVIKEN CAMPING 3650 Tinn Austbygd - Tlf. 952 38 817 BÅTUTLEIE - SAUNA - HYTTER - CAMPING - MINIGOLF	 assistCo Rjukan Næringspark - 3660 Rjukan Telefon 35 49 90 00	 Vekstra Sam Eydesgt 93, Rjukan, tlf 35 08 10 00
RJUKAN VVS & ELEKTRO AS RØRLEGGER & ELEKTRIKER  Telefon 35 08 00 80		 Sam Eydesgt 57, 3660 Rjukan Atråvegen 426, 3656 Atrå Telefon 35 09 19 01
Visste du at... ...menighetsrådene i Rjukan og Tinn er samlet i et menighetsblad! Dette betyr at Kyrkjebod går til ALLE husstader i Tinn!	 På lag med din bedrift Rådgivning Økonomi System Ring 09712 tet.no	
Byggmester Magne Olesrud tlf. 97 11 05 11 3650 Tinn Austbygd	A til Å Entreprenør AS Svaddeveien 149 3660 Rjukan Telefon: 350 82450 E-post: post@atilaa-as.no Web: www.atilaa-as.no 	
 Postboks 14 - 3650 Tinn Austbygd Telefon 35 08 11 11 - Telefax 35 08 11 00	 Visste du at menighetsrådene i Rjukan og Tinn er samlet i et menighetsblad! Dette betyr at Kyrkjebod går til ALLE husstader i Tinn!	
RJUKAN BIL AS Noe galt med bilen? <i>Vi utfører service og reparasjoner etter bilprodusentenes krav og bruker reservedeler med originalkvalitet Alle bilmerker - alle årsmodeller</i> Ring oss for time i dag! Tlf. 35 09 90 90 Mælandsgata 13, 3660 Rjukan post@rjukanbil.no www.rjukanbil.no		
 Gaustablikk ønsker velkommen til kurs, møter og ferie! gaustablikk.no / +47 35 09 14 22		
<i>Mer enn bare merkevarer</i>  ARTE GULLSMED SANDO Bunadssølv fra nettbutikk www.sando.no	 Elektrokontakten AS Storgata 4, Rjukan - tlf. 35 09 47 77	

 Bjørn Berge AS Sam Eydesgt 55, Rjukan, tlf. 35 09 04 86	PROSJEKTFORM AS Takst og eiendomsrådgivning www.prosjektform.no Tlf: 35081500 / 97110535
 Selskap heile året. Tlf. 95 05 97 25 3650 Tinn Aubbbbbgd post@seterliv.no - www.seterliv.no	GODE TILBUD KVAR VEKE HJÅ  Tinn as STORGATA 17 3660 RJUKAN TLF 35 09 21 75 FAX 35 09 21 48
TINN TAXI 90 96 77 77	 Atrå Handelslag www.atra-handelslag.no Bygg - jernvare - kjøkkenutstyr - gaver - garn Spar-supermarked med egen ferskvaredisk 
Olaisen Transport Maskindrift og Kranbiler Geir 41 41 60 04 35 09 82 17	 «lokalkunnskap – til det beste for våre kunder» tlf. 35 08 08 00 post@tinnbank.no www.tinnbank.no
Visste du at... ...menighetsrådene i Rjukan og Tinn er samlet i et menighetsblad! Dette betyr at Kyrkjebod går til ALLE husstander i Tinn!	 <i>Rjukan og Vest-Telemark</i> BEGRAVELSESBYRÅ TORE VARNES Telefon 35091578 Ordner alt vedrørende begravelser, kremasjoner og transporter
	    Vakttelefon 35 08 09 00 - Storgata 4 660 Rjukan www.tinnenergi.no - en trygg kontakt

Bilete av prestar i Hovin

Praksisen med å henge opp bilete av tidlegare prestar og andre tilsette i kyrkja er noko ulik frå stad til stad.

I Tinn er det i grunnen berre Hovin som har bilete av prestane i nyare tid, medan det i nokre av dei andre kyrkjene er bilete av eldre prestar. I Hovin heng det i våpenhuset bilete av klokkarane frå 1876 til 1994 og av prestane frå 1928 og fram til 1986.

Hovin var eige prestegjeld saman med Gransherad frå 1859 til 1986 og den siste presten det er hengt opp bilete av i Hovin og som var siste sokneprest i Gransherad prestegjeld er Eivind Anders Dahle. Han var sokneprest frå 1974.

Det kom eit forslag om å få opp bilete av Harald Eintveit i våpenhuset i Hovin. Eintveit var sokneprest her frå 1986 til 2009. Etter handsaming i soknerådet og kontakt med Harald Eintveit vart det avgjort å få til dette. Me har fått eit godt bilete av Harald og det er no til innramming hjå fotograf.

Det vil bli hengt opp så snart det er klart.

Knut Arne Snøås



Våpenhuset i Hovin kyrkje



Harald Eintveit


3. SUNDAG I ADVENT

Vi tenner det tredje lyset for retten til mat.

Takk for maten som gjer oss sunne og friske!
Vi ber om at ingen menneske, vaksne eller barn skal behøve å gå sultne til senga om kvelden.




4. SUNDAG I ADVENT

Vi tenner det fjerde lyset for våre minste søsken over heile verda.

Takk for barna som er fødte!
Vi ber om at alle barn som blir fødte inn i vår verd, skal få vekse opp i tryggleik, omsorg og kjærleik.



Tinn kirkelige fellesråd

Prestar:	Sokneprest Toralv Frøysaa Lie, mobil 926 28 337 E-post: toralv.lie@kirken.tinn.no Sokneprest Morten Arnesen, mobil 901 48 143 E-post: morten.arnesen@kirken.tinn.no
Trosopplærer:	Karin Sørhagen Gaustad, mobil: 958 09 397, E-post: karinmsg@hotmail.com
Organistar:	Britt Elin Myrene, mobil 920 46 146, E-post: britt.elin@kirken.tinn.no Knut Arne Snøås, mobil 959 60 307, E-post: knutarnesnoas@hotmail.no
Kyrkjeverje:	Susann Myhra Styrvold, mobil 413 31 093 E-post: susann.myhra.styrvold@kirken.tinn.no
Kyrkjegårds- arbeidar:	Kirkegårdsleder Christian Skårdal, mobil 952 56 099, E-post: christian.skaardal@kirken.tinn.no Knut Rune Hagen, tlf. 35 09 87 65, mobil 957 77 489 E-post: knut.hagen@kirken.tinn.no Jørgen Eide Kittelsen, mobil 984 22 172, E-post: jorgen.eide@kirken.tinn.no
Kyrkjetenarar:	Knut Rune Hagen, tlf. 35 09 87 65, mobil 957 77 489 E-post: knut.hagen@kirken.tinn.no Nina Helene Jarstad, mobil 986 74 962, E-post: njarstad71@gmail.com
Klokkarar:	Annette Fagerberg, mobil 95 23 88 17, E-post: annettefagerberg@gmail.com Karin Sørhagen Gaustad, mobil: 958 09 397, E-post: karin.sorhagen@kirken.tinn.no Nina Helen Haugan Hansen, mobil 416 90 871, E-post: ninahelen@live.no Oddvar Øvsterud, mobil 470 46 170, E-post: oddvarovsterud@hotmail.com
Kontorfullmektig:	Astrid Håvardsrud, telefon 35 08 28 60, E-post: astrid.haavardsrud@kirken.tinn.no
Tinn kirkelige fellesråd:	Karin Ødegård, leder, mobil 976 65 736 Gunnar Undersrud Grete Ingeborg Vestby, Morten Arnesen (geistlig representant) Magne Jenbergsen Jan Birger Oland
Tinn sokneråd:	Grete Ingeborg Vestby, Fossheimvn. 5, 3656 Atrå Mobil 905 62 316 - E-post: g-vestby@online.no
Rjukan Menighetsråd:	Karin Ødegård, mobil 976 65 736, E-post: beste_karin@yahoo.com
Skirva Fjellkyrkje:	(Se Tinn sokneråd) www.skirva.no
Tilsynsansvarleg:	Oddvar Øvsterud, mobil 470 46 170, E-post: oddvar.ovsterud@gmail.com

www.kirken.tinn.no

Returadresse:

Kyrkjebod c/o
Grete Ingeborg Vestby
Fossheimveien 5
3656 Atrå

Hannah Eline med sitt debutalbum – adventskalenderens førjulspresang

Hannah Eline fra Austbygde er ute med sitt debutalbum; The Mother, the Maiden and the Crone. Hun er godt kjent i Tinn og Telemark gjennom en årrekke for sin stemmeprakt og sitt høyt verdsatte kor og kulturarbeid.

I disse dager holder hun sine første band-konserter med musikerne fra plateinnspillingen.

Sammen med Konrad Lunde (Eva Weel Skram) og Kristian Sæland har hun skapt et vakkert musikalsk utsyn.

Gratulerer så mye Hannah !

Du finner henne på alle streamingplattformer.
Blant annet Spotify.com



Foto: Elisabeth Haig Jacobsen

Ungdomsleder fra Moss

Christoffer Gzyl fra Moss er engasjert i et deltidsvikariat som ungdomsleder i Rjukan menighet frem til neste sommer med mulighet for forlengelse. Han vil bidra inn i trosopplæringsoppgaver blant barn og unge i menigheten.

Rjukan menighet vil på denne måten kunne satse mer på ungdomskullene som har hatt og har sin konfirmasjonstid her.

Vi ønsker Christoffer hjertelig velkommen og lykke til.



Kontakt Knut Rune på:
Tlf. 957 77 489
e-post: knutru@outlook.com

ULETRE HAGEN



- Grunn- og fundamenteringsarbeid
- Vei, vann og avløpsanlegg
- Masseflytting og sprengning
- Prosjektering og totalentrepriser



Brødrene Alseth A.s

ENTREPRENØRFORRETNING
MÅRVIK 3656 ATRÅ
TELEFON 35 08 17 00 FAX 35 09 72 80